



Landbruks- og matdepartementet
PB 8007,
Dep,
0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
06/143	156
15 MAI 2006	MP/SDD
UBB	F13

L.nr./ Saksh
003627/06/ HS

Arkivsaknr.
06/00269

Arkivkode
/V5/

Dato
15.05.2006

HØYRING AV FORSLAG TIL ENDRING AV LOV OM VETERINÆRAR OG ANNA DYREHELSEPERSONELL

Viser til skriv av 15.2.06 frå Landbruks- og matdepartementet med vedlegg av høyringsforslag til endring av lov av 15. juni 2001 nr. 75.

Høyringsforslaget vart lagt fram for Hareid formannskap i møte 15.5.06. Formannskapet fatta i det høve, sak 49/06, slikt samrøystes vedtak:

"Med det ein viser til vurderingane og konklusjonane i skriv av 21. april 2006 frå kommuneveterinæren i Hareid, Herøy, Sande og Ulstein går Hareid kommune imot endringar i lov av 15. juni 2001 nr 75 om veterinærar og anna dyrehelsepersonell – endringar som framgår av høyringsnotatet vedlagt brev av 15. februar 2006 frå Landbruks- og matdepartementet.

Hareid kommune ser det som viktig at den veterinære vaktordninga er statleg, slik at dyreeigarane rundt om i heile landet får ei fullgod veterinær vaktordning."

For nærare opplysningar og dokumentasjon ligg ved kopi av særutskrift av møteboka til formannskapet frå ovannemnde møte og sak, saman med saksutgreiinga som låg føre frå rådamannen og skrivet/utgreiinga frå kommuneveterinæren i Hareid, Herøy, Sande og Ulstein.

Med helsing


Hallvard Sæverud

Kopi med vedlegg sendt til orientering:

Kommuneveterinær John Osnes, 6065 Ulsteinvik
Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 6080 Gurskøy



HAREID
KOMMUNE

SÆRUTSKRIFT AV MØTEBOKA
til
Formannskapet

frå møte den 10.05.2006

0049/06-F HØYRING AV FORSLAG TIL ENDRING AV LOV OM
VETERINÆRAR OG ANNA DYREHELSEPERSONELL

Arkivsaknr. Arkivkode L.nr./ Sbh
06/00269 /V5/ 003601/06/ HS

Rådmannen si tilråding samrøystes vedteken.

Samrøystes vedtak:

Med det ein viser til vurderingane og konklusjonane i skriv av 21. april 2006 frå kommuneveterinæren i Hareid, Herøy, Sande og Ulstein går Hareid kommune imot endringar i lov av 15. juni 2001 nr 75 om veterinærer og anna dyrehelsepersonell – endringar som framgår av høyringsnotatet vedlagt brev av 15. februar 2006 frå Landbruks- og matdepartementet.

Hareid kommune ser det som viktig at den veterinære vaktordninga er statleg, slik at dyreeigarane rundt om i heile landet får ei fullgod veterinær vaktordning.

Hareid, 12. mai 2006

Rett utskrift:


Elsa Gjerde
sekr.

Utskrift sendt: ✓ Til sakshandsamar for ekspedering.

SAKSUTGREIING

Sakstittel: HØYRING AV FORSLAG TIL ENDRING AV LOV OM
VETERINÆRAR OG ANNA DYREHELSEPERSONELL

Arkivsak: 06/00269

Saksvedlegg:

1. Brev frå Landbruks- og matdepartementet m/høyringsnotat dat. 15.02.06
2. Skriv frå kommuneveterinær John Osnes " 21.04.06

Saksutgreiing:

Landbruks- og matdepartementet har ved brev av 15.02.06 sendt ut til høyring forslag til endring av lov av 15. juni 2001 nr 75 om veterinærer og anna dyrehelsepersonell. Høyringsfristen er 15. mai 2006. Føremålet med lovendringa er at ansvaret for veterinærdekning og veterinærvekt i alle delar av landet skal overførast frå staten til kommunane frå 01.01.2007.

Kommuneveterinæren i Hareid, Herøy, Sande og Ulstein, John Osnes, har i skriv av 21.4. 06 utarbeidd ei utgreiing i høve til høyringsforslaget som ligg føre frå departementet, og som fagperson rår han til at kommunane går imot ei endring av lova. Han rår vidare til at det frå kommunane si side vert presisert at den veterinære vaktordninga bør vere eit statleg ansvar, slik at dyreeigarane rundt om i heile landet får ei fullgod veterinærordning.

Konklusjon:


Rådmannen er samd i vurderingane og konklusjonane som ligg føre i skrivet frå kommuneveterinæren.

Rådmannen si tilråding:


Med det ein viser til vurderingane og konklusjonane i skriv av 21. april 2006 frå kommuneveterinæren i Hareid, Herøy, Sande og Ulstein går Hareid kommune imot endringar i lov av 15. juni 2001 nr 75 om veterinærer og anna dyrehelsepersonell – endringar som framgår av høyringsnotatet vedlagt brev av 15. februar 2006 frå Landbruks- og matdepartementet.

Hareid kommune ser det som viktig at den veterinære vaktordninga er statleg, slik at dyreeigarane rundt om i heile landet får ei fullgod veterinær vaktordning.

Rådmannen i Hareid, 09.05.2006.


Arne Gunnar Aschehoug
rådmann

Sakshandsamar:


Hallvard Sæverud
utviklingsleiar

Utskrift til: Til sakshandsamar for ekspedering

Kommuneveterinæren i
Hareid, Herøy, Sande og Ulstein
John Osnes
6065 Ulsteinvik

003175/06 HS
V5
Ulsteinvik 21.04.2006 04/00209-02

Ordførarar og rådmenn i Hareid, Herøy, Sande og Ulstein.

FRÅSEGN I HØVE EVENTUELL KOMMUNAL OVERTAKING AV VETERINÆRVAKTA.

Eg er kjend med at Landbruks- og matdepartementet (LMD) har sendt ut til høyring eit forslag til endring av lov av 15. juni 2001 nr. 75 om veterinærer og annet dyrehelsepersonell. Høyringsfristen er 15. mai 2006. Føremålet med lovendringa er at ansvaret for veterinærdekning og veterinærvakta i alle delar av landet skal overførast frå staten til kommunane frå 01.01.2007. Personleg er eg uroa for at ei slik overføring av ansvaret vil føre til ei klar svekking av veterinærtilbodet rundt om i landet. Eg vil i den samanheng peike på fylgjande tilhøve:

- Den einssilde kommune skal bestemme nivået på veterinærtilbodet.
- Det vert ikkje sett krav om eit forsvarleg og einskapeleg vakttilbod for heile landet.
- Kostnadane for kommunane ved ei overføring er ikkje utgreidde.
- Det vert ikkje gjeve garantiar for at kommunane får dekt kostnadane med veterinærvakta.
- Finansieringa skal gjevast som ein del av rammetilskotet, og ikkje som øyremerkte midlar.
- Det vert ikkje nokon sentral forhandlingspart. Kommunane skal tinge med deltakarane i vakta; eventuelt sette vaktordninga ut på tilbod.
- Den kliniske vakta si rolle i førstelinjeberedskapen mot alvorlege smittsame sjukdommar og i dyrevernsaker er ikkje nemnd.
- Etter mange år med sterk uro kring veterinærvakta, er det no inngått ein avtale mellom LMD og Den Norske Veterinærforening (DNV) om vaktgodtgjering. Avtalen tek til å gjelde frå 01.07.2006. Etter mi meining er det meiningslaust at denne avtalen berre skal gjelde eit halvt år, når ein veit kor mykje strid det har vore før ein kom fram til denne avtalen.

Den noverande lova av 15. juni 2001 pålegg staten å syte for ei landsomfattande veterinærvakta. Dersom det nye forslaget som no er sendt ut på høyring skulle gå gjennom i Stortinget, vil dette føre til store ulikskapar i veterinærtilbodet rundt om i landet p.g.a. ulik kommuneøkonomi.

Eg har vore inne på heimesida til LMD på internett. Ein del kommunar har kome med høyringsuttalar og desse er lagde ut på internett. I alle høyringar eg har lese, går kommunane imot endringar i lova, og meiner at veterinærvakta framleis bør vere eit statleg ansvar. Finansdepartementet skriv i si høyring m.a. "Finansdepartementet mener at LMD ikke i tilstrekkelig grad har sansynliggjort at fordelene ved en slik reform er større enn ulempene. En ansvarsoverføring vil medføre en rekke kompliserte spørsmål om gjennomføring og fordeling av midler, og vil sannsynligvis innebære økte administrasjonskostnader".

Dersom kommunane Hareid, Herøy, Sande og Ulstein vel å avgi høyring om endring av lov av 15. juni 2001 nr. 75 om veterinærer og annet dyrehelsepersonell, vil eg som fagperson rå kommunane til å gå imot ei endring i lova. Eg vil også tilrå kommunane å presisere at den veterinære vaktordninga bør vere eit statleg ansvar, slik at dyreeigarane rundt om i heile landet landet får ei fullgod veterinær vaktordning.

Med helsing


John Osnes